

## Møtereferat

Dato: 23.01.2015

Til stades:	Unn Fauskanger, Svein Inge Styve, Sigrid Sve Laastad, Brita Bøyum, Annbjørg Laupsa		
Forfall:	Ingen		
Emne:	Nye skular på Voss; oppfølgingssaker, arbeid med tilrettelegging for støttepersonalet, førebuing til omstillingsmøtet, utlysning av avdelingsleiarstillingane, ressursbehov.	Sak:	
Møtetid:	Fredag 23.01.15 kl 10.00-12.30	Møtestad:	Fylkesbygget møterom 932

**Møteleiar: Annbjørg Laupsa**
**Referent: Annbjørg Laupsa**

Dato	Tekst	Ansvarleg
23.01.15	<p><b>Studiepermisjon</b> Personalseksjonen (organisasjonsavdelinga) vil utarbeida konkrete retningslinjer for studiepermisjon, gjeldande ved omstilling ved skulane på Voss. Det vert ikkje utarbeidd mal for søknad og svar.</p> <p><b>Avdelingsleiarane</b> Stillingane vert utlyst internt våren -15, der noverande avdelingsleiarar og assisterande rektorar har førerrett til stillingane. (Sjå reglar om førerrett i Kvalitetssystemet – omstillingsreglar). Det vil gå tydleg fram kva avdelingar den einskilde skule skal ha, og det vert søkt etter leiar til den einskilde avdeling. (T.d BA, TIP, EL). Det vert stilt krav om fagkompetanse i minst eit av fagfelte ein skal leia innanfor. Prosjektretorane vil ha samtale med noverande avdelingsleiarar før tilsettingsprosessen startar (i løpet av februar – gjennomgå strukturen, informera om stillingane m.m)</p> <p>Dei ulike avdelingane vert: Voss gymnas:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Språk, samf, øk Fellesfag: Norsk, samfunnsfag, historie, engelsk, geografi, religion.</li> <li>• Realfag og idrettsfag Fellesfag: matematikk, naturfag, kroppsøving</li> <li>• Helse og oppvekst, salg og service.</li> </ul>	<p><i>Personalseksjonen v/ Brita Bøyum</i></p> <p><i>Prosjektretorane på dei to skulane</i></p> <p><i>Prosjektretor Voss gymnas</i></p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Musikk, studiespesialiserande med formgjeving, design og handverk</li> <li>• Toppidrett – ansvar for sportsdelen, trenarar/lærarar på toppidrett ski</li> </ul> <p>Voss vidaregåande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fellesfag</li> <li>• BA,TIP,EL</li> <li>• Tilrettelagt avdeling</li> <li>• RM,NA</li> <li>• Avdelingsleiar gardsbruket</li> </ul> <p>Dersom det er avdeling(ar) som ikkje får tilsett leiar i den interne prosessen, vert det ekstern utlysing.</p> <p>Avdelingsleiar for gardsbruket vert ledig frå 1. august, og vert kunngjort ved ekstern utlysing.</p> <p><b>Mellombels oppseing?</b> Ingen tilsette vert mellombels oppsagte i overgangsfasen til ny skulestruktur på Voss. Alle er tilsette i HFK, med for tida arbeidsplass på ....</p> <p><b>Kartleggingsverktøy</b> Kartleggingsverktøyet nytta ved omstilling og overgang til Amalie Skram vgs har vore vurdert og førebels forkasta. Nye opplysningar gjer at verktøyet vert omarbeidd og teke i bruk. Det er avgjerande å ha <u>eitt</u> arbeidsreiskap, som inneheld alle opplysningar basert på fakta. Omstillingstillitsvald er sentral i arbeidet, og ho har ikkje tilgang til opplysningane i Personalportalen.</p> <p>Prosjektgruppa i lag med lokale tillitsvalde går fyrst gjennom opplysningane i skjemaet, og innleigd hjelp bistår ved systematiseringa.</p> <p>Kartleggingsverktøyet vert supplert med samtale. NB! Berre faktaopplysningar (ingen konfidensielle opplysningar) skal kartleggjast</p> <p><b>Omstillingssamtale/medarbeidarsamtale</b> I tida framover vil avdelingsleiarane ha samtalar med tilsette og melder tilbake til prosjektrektorane, dersom det kjem fram tilhøve som er viktig for tilsettingsprosessen på dei nye skulane. Det vert nytta ordinært medarbeidarsamtale-skjema, der ein tek med spørsmål knytt til omstilling og nye skular.</p> <p><b>Samanslåingstidspunkt</b> Dersom det er aktuelt å vurdera samanslåing av skular før oppsett</p>	<p><i>Prosjektrektor Voss vidaregåande skule</i></p> <p><i>Prosjektrektorane på dei to skulane</i></p> <p><i>Rektor Voss jordbruksskule.</i></p> <p><i>Personalseksjonen</i></p> <p><i>Rektorane på dei nye skulane, innleigd hjelp</i></p> <p><i>Rektorane på skulane på Voss</i></p> <p><i>Avdelingsleiarane.</i></p>
--	--	---

	<p>tidsplan, vert dette avgjort etter gjennomført prognoseinntak.</p> <p><b>«Senioravtale»</b> Arbeidstakarane har rett til å stå i arbeidet til oppnådd pensjonsalder. Dersom nokon ynskjer å slutta tidlegare, kan dette samtalast om med næraste leiar. Her skal ein gå tenesteveg, og den einskilde rektor avgjer i samarbeid med personalseksjonen. Det vert ikkje sett opp kriterie for «senioravtale».</p> <p>Det kan vera aktuelt å gjera avtalar med tilsette grunna endringar pga omstilling. Dette kan vera aktuelt uavhengig av alder.</p> <p><b>Arealdisponering i ein overgangsfase</b> Rektorane er i kontinuerleg kontakt med eigedomssjefen, og det vert ordna med gode romplanar for td kroppsoving og teoritimar.</p> <p><b>Merkantile tenester</b> I samband med m.a forvaltningsrevisjonen vert det arbeidd med endringar, for at det skal verta frigjort tid til pedagogisk leiing. Denne prosessen er ikkje ferdig, og tilsette ved skulane vert haldne orientert.</p> <p><b>Reinholdspersonalet</b> Det vert lagt fram ei politisk sak (truleg i junimøtet), der framtidig organisering av reinholdartenestene skal avgjerast.</p> <p><b>Innhald/sakliste til omstillingsmøta 26.01.15</b> vert sendt ut i etterkant av møtet 23.01.15</p> <p><b>Ressursbehov</b> Prosjektretorane melder om behov for 100 % stilling frå 01.08.16. Dette, og organisering av leiinga på noverande skular, må me koma attende til så snart som mogeleg</p> <p>Det vert kalla inn til eige møte, der trong for lærarstillingar vil ha hovudfokus. (Trong for støttepersonell, som reinholdarar mm, er klarlagt)</p>	<p><i>Opplæringsdirektøren</i></p> <p><i>Rektorane og personalseksjonen/-direktøren.</i></p> <p><i>Rektorane i samarbeid med eigedomsavdelinga.</i></p> <p><i>Politisk nivå – informasjon regionleiar</i></p> <p><i>Politisk nivå – informasjon regionleiar</i></p> <p><i>Prosjektretorane</i></p> <p><i>Fylkesdirektør for opplæring</i></p> <p><i>Regionleiar</i></p>
--	--	---

--	--	--